

Åkrafjord-utgifter vert dekkja

29.09.2008

Kostnaden med Åkrafjord-turen tysdag 7. oktober vert dekkja over prosjektkonto og ingen skal ha utgifter til den, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal.

Frammøte er ved Grano klokka 14 og reiseruta vert lagt i samråd med Åkrafjorden Oppleving. Ruta vil anten gå med ferje frå Utåker klokka 15 eller med privatbilar til Åkra og henting med båt. Uansett er det frammøte i sentrum i Uskedalen klokka 14.

Bringedal oppmodar deltakarane om å vera raske med påmelding. Han har fem på lista førebels, men minstetalet er 10 påmelde om ein verkeleg skal ha nytta av turen.